

Saksnummer 201913014

Røldal mandag 26. august 2024

Til NVE

Høyringsuttale til vilkårsrevisjon Røldal–Suldal-vassdraget.

Vilkårsrevisjon

Forslag til forbetringar/endingar:

1. Maks senking av Røldalsvatnet ti meter. Begrunnelsen er at det ser grusomt ut når vatnet er nedtappa sytten meter. Røldalsbygda endrar seg totalt, og det ser ut som eit krater langs strendene. Og det er einaste plassen i landet at eit vatn vert øydelagt på denne måten midt i ei vakker fjellbygd som Røldal er når vatnet er oppe.
2. Ikkje ein dråpe vatn ut av Røldalsvatnet etter 1. mai før det er på topp, då kan dei som no regulerer med opptil ein meter. På denne måten kjem vatnet fortare på topp, og me vil merka mindre til reguleringa som er midt i bygda. Og det vil bli enklare med båt tidlegare på året.
3. Laga fleire tersklar i Storelva i samarbeid med biolog og bygdefolket. Resultatet vert fine vasspegjar som vil pynta opp.
4. Betra tilhøva for fisk i alle vassdraga.
5. Sikker minstevassføring i Storelva. Det er kun i svært turre somrar at ein treng sleppa på meir vatn.
6. Sikra betre framkomelegheit og tryggare ferdsel på alle regulerte magasin i nærområdet. Utbyggjar må overta alt vedlikehald på vegane som dei sjølve måtte byggja i forbindelse med kraftutbygginga. Likeeins at bygafolket får bruka alle desse vegane når det gjeld jakt og fiske.
7. Utbyggjar/kraftverkseigar må sørgja for eit næringsfond som årleg vert påfylt seks millionar kroner i all evigheit slik som kontrakten til Lyse lyder. Ein del av dette fondet skal og må øyremerkast Røldal. At Ullensvang og særdeles Røldal skal ha næringsfond, vart og sagt frå talarstolen på Stortinget under behandlinga av denne saka.
8. Røldal bygdalag må tilførast kr 200 000 kvart år i all evigheit slik at bygdafolklet føler ei viss erstatning til felleskapet. Alle i Røldal er påverka av kraftutbygging, og derfor må det visa att i felleskapet og utanom alle andre erstatningar.
9. Båtopptrekk med støypt bane for tilhenger og flytebrygga ved sida av banen, og på ein rassikker stad.
10. Røldal er ei bygd med mykje turistar, og det vil verta og er eit satsingsområde. Det er ein god grunn til å pynta og begrensa skadane for det som allerede er gjort og iallefall ikkje påføra oss endå meir skade som ei ny utbygging vil gje.
11. I 1960 åra inngjekk Hydro og staten ei avtale om heimfall etter seksti år. Dette gav bygdefolket ei sikring av at verdiane kom attende til stat og kommune etter desse åra. Kommunen ville etter avtalen få ein tredel av verdien. Slik vart det ikkje, og derfor føler me oss lurt trill rundt. Er det rart me er skeptiske når me ikkje kan lita på staten og stortinget ein gong? Ministrane den gongen var Bru og Nybø, som begge bur i Stavanger/Sandnes-regionen. Der var planar om ein stor batterifabrikk med trong for sikker kraft. Dei to kunne hjelpt Ullensvang og Suldal med å seia nei! Då det ikkje vart heimfall, skulle desse kommunane ha kome inn på eigarsida. Då hadde dei fått konsesjon. Dette hadde dei to ministrane inga interesse av, sjølv sagt, sidan dei jobba for si eiga «sjuke mor». Urett gjev sjeldan ro rundt ei sak. Fleire av eigarkommunane med Stavanger i

spissen har sagt arrogant nei til eigarskap. Eigarskap i Lyse må pressast gjennom av myndigheitene som einaste alternativ til fred og rettferd rundt dette.

11. Novlefoss som ein av dei vakraste fossane i området må kunna renna nokre timar på dagen om sommaren. Denne «fossedronninga» kastar seg utfor eit høgt berg og forsvinn i ei hole for so å koma att og danna eit «bruraslør» som renn mot dalbotnen og blandar seg med Storelva som renn ut i Røldalsvatnet.
Det er vakkert å sjå.

Oddbjørn Lynghammar
5760 Røldal



Normalt. Berre sporadisk år om anna renn fossen no.



Det skjer noko med Røldal når vatnet er slik det skal vera og slik det har vore i tusener av år.